



**Ein lærerik og triveleg tradisjon for skulemusikken er haust-turen
till Karmøy Brassfestival og i ettermiddag er dei unge musikarane
på plass og klare for øving på Rogaland-øya.**

**Øvingane held fram
laurdag og klimaks kjem med den store konserten på sundag.**

Det var ein optimistisk stemning i korpset då reisa vart førebudd ved
Gamleskulen i føremiddag.

18 musikarar stilte opp og det er tydeleg at korpset
er inne i ein positiv periode som ikkje minst er prega av god rekruttering.

I tillegg til dei 18 kjem ei gruppe aspirantar som ikkje er med til Karmøy men som
nok kjem til å gjera seg gjeldande etter kvart.
På biletet er Karmøy-fararane samla ved Gamleskulen.

Foto: Ola Matti Mathisen